



PETROLEUMSTILSYNET

Statoil Petroleum AS

4035 Stavanger

Vår sakshandsamar
Trond Sundby

Dykkar ref.
AU-HEA-00041

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2016/361/TES

Dato
12.12.2016

Pålegg etter tilsyn med Heimdal hovudplattform og stigerøyrplattform - drift, vedlikehald og trykksikringssystem

Petroleumstilsynet (Ptil) gjennomførte ein tilsynsaktivitet med drift, vedlikehald og trykksikring retta mot Statoil og Gassco med landorganisasjonar og med Heimdal hovudplattform (HMP) og Heimdal Riser Platform (HRP). Tilsynsaktiviteten vart gjennomført med møter, samtalar, verifikasjon og dokumentgjennomgang ved Gassco sitt kontor på Bygnes torsdag 22. september, Statoil sitt kontor på Sandsli måndag 26. september og på innretningane HMP og HRP 27.-29. september 2016.

Vi viser til oversending av tilsynsrapport med identifiserte avvik og varsel om pålegg av 25.11.2016. I samsvar med varselet gir vi følgjande pålegg.

Med heimel i rammeforskrifta § 69 om enkeltvedtak, jamfør aktivitetsforskrifta § 25 om bruk av innretningar andre ledd, styringsforskrifta § 14 om bemanning og kompetanse første ledd, § 45 om vedlikehald, jfr rapportens kap. 5.1.1 pålegg vi Statoil å:

- vise gjennom framlegging av kort- og langtidsplanar for drift- og vedlikehald at ein med tilgjengeleg bemanning kan handtere drifts- og vedlikehaldsoppgåver på innretningane, og at vedlikeholdsprogram- og gjennomføring er tilpassa innretningane og utstyret sin alder og tilstand.*

Med heimel i rammeforskrifta § 69 om enkeltvedtak, jamfør styringsforskrifta § 5 om barrierar fjerde, femte og sjette ledd, jfr. rapportens kap. 5.1.2 og innretningsforskriftens § 82 nr 2 jfr, forskrift om eksplosjons- og brannbeskyttelse av innretninger i petroleumsvirksomheten fastsatt 7. februar 1992 § 19 om generelle krav til passiv brannbeskyttelse og forskrifter for produksjons- og hjelpesystemer på produksjonsanlegg fastsatt den 3. april 1978, kapittel 6.1, 6.2 og 6.3 om krav til passiv brannsikring jfr rapportens kap.5.1.3, pålegg vi Statoil å:

- sikre at barrierar som er svekka eller ute av funksjon er identifisert, vurdere kombinasjonen av svekka barrierar, sikre at nødvendige kompensierende tiltak er implementert og at det er ein plan for utbetring av barrierar som er ute av funksjon eller svekka.*

Med heimel i rammeforskrifta § 69 om enkeltvedtak, jamfør innretningsforskriften § 82 nr. 2 jfr. forskrift om sikkerhets- og kommunikasjonssystemer på innretninger i

petroleumsvirksomheten fastsatt 7. februar 1992 § 19 om prosessikringssystem, jfr. rapportens kap.5.1.4 pålegg vi Statoil å:

- *vise at ein i gasstransportsystemet knytt til Vesterled røryleiding tilfredsstillar krav i forskrifter om to uavhengige system for prosessikring.*

Med heimel i rammeforskrifta § 69 om enkeltvedtak, jamfør aktivitetsforskrifta § 20 om oppstart og drift av innretninger andre ledd bokstav b, jfr. rapportens kap.5.1.5 pålegg vi Statoil å;

- *oppdatere nødvendig styrande dokumentasjon som det er referert til i kap. 5.1.5.*

Det skal utarbeidast ein forpliktande og tidfesta plan for å etterkomme pålegga over. Planen skal presenterast for Ptil innan 27.1.2017.

Tilsynsrapporten inneheld avvik i tillegg til dei avvika som er grunnlaget for varsel om pålegg og vi ber dykk gjere greie for korleis desse avvika vil bli handtert. Rapporten inneheld og observasjonar der det er potensial for forbetring og vi ber om dykkar vurdering av desse. Vi ber om svar på tilsynsrapporten innan 27.1.2017.

Vi ber og om at brevet blir gjort kjend for arbeidstakarane, inkludert verneomboda.

Med helsing

Kjell Marius Auflem e.f.
tilsynskoordinator

Trond Sundby
sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har derfor ingen signatur